

VESTLANDSNYTT

Artikkelserie i lokalavisa august 2010

Av Harald Jarl Runde

fiendtlige kryssere

DEL 2

I 1810 sto det franske imperiet under Napoleon på høgda av si makt. Napoleon ville "svelte ut" fienden med fastlandsblokaden og makta det eit stykke på veg. Og då England rana den dansk-norske orlogsfloten i 1807, ville kronprins Frederik ha hemn. Han blei med på blokaden, og det grundigare enn alle andre.

Dette gjekk ut over Danmark sjølv, og ikkje minst Norge. England gjorde alt det ein kunne for å sikre den viktige handelen med Østersjølanda med konvoifart gjennom Øresund og Storebelt. Dermed kom skipsfarten mellom tvillingrika i klemme, hindra i Skagerrak og Kattegat.

Operasjonane langs kysten av det vestlege Norge var heller meir tilfeldige og lite planmessige. Men etter som mangelen på varer i England auka, auka også presset på kystfarten i Norge, med raid og åtak på farty og hamner.

Langs dei dansk-norske kystane brukte helst engelsk-mennene mindre orlogsskip som briggar og kuttarar. Større skip som fregattar og linjeskip var sjeldnare. Dei engelske operasjonane ved Stadt sommaren 1810 var såleis meir unnatak enn regel. Men alvorlege nok.

- fiendtlige Krydsere -

Trass alt anstaltmakeri frå styresmaktene, at nokre fiendtlige skip vart observerte såpass at Kyswærnet vart kalla ut, gjekk dei fyrste krigsåra stilt og roleg føre seg på våre kantar. Det skulle endre seg dramatisk sommaren 1810. Det var dei to engelske fregattane HMS Belvidera med 36 kanoner og HMS Nemesis med 28 kanoner som kom til å skape skrekk og redsle.

Sivert Arflot, på Ekset i Volda, hadde dette året teke til å gje ut «Norsk Landboeblad» 27. juli melde avisa:

«Hav-Fiskeriet og Seilladsen hindret ved fiendlige Krydsere langs Kysten. En Træfning mellem trende Kystforsvars-Fartøier og 9 fiendtlige Barkasser er forefalden sønden for Stat, under en Øe kaldet Silden. Mængden af det Sundmørske Kystværn, har denne Uge været ude til Landets Forsvar.»

Belvidera og Nemesis går ut frå orlogshamna i Leith i Skottland 17. mai, visstnok med ordre å forsvare kvalfangarane som var gått til Ishavet. Den meir skjulte oppgåva var å borde frededelege handelsfarty og raide Norskekysten etter sjøvande folk til den britiske marinen.

Etter å ha vore innom Lerwick, kryssar dei to fregattane langs kysten nord for Stadt. Her vert dei observerte frå Varden i Kristiansund. Gjennom telegrafane vert det signalert til Trondhjem om eit storåtak er i gang.

Han gjev straks ordre om å styrke bemanninga på festinga på Munkholmen medan alle disponible kanonbåtar vert sende sørover. Men båtane vert liggande å stampe i kuling og motsjø så eskadresjefen, kommandørkaptein Motzfeldt, meiner generalens ordre «var en ugjærlighet».

Etter at Motzfeldt sjølv dreg til Kristiansund og orienterer seg om situasjonen, vert aksjonen avblesen. Men, legg han til i rapporten til von Krogh «skulde disse fregatter oftere la sig se, har jeg besluttet å engasjere dem i sjøen og muligens derved å innlokke dem under landbatteriene.»




*Georg Fredrik von Krogh (1732-1818) hadde ei lysande militær karriere, stor makt og stor tillit. I 1788 vart han general Nordafjells og kommandant i Trondhjem. Ikkje utan grunnvart von Krogh kalla «Kongen av Det nordenfjelske Norge» Då han gjekk av med pensjon i 1814, 81 år gamal, hadde han vore offiser i 68 år

Utfør Kinn jagar fregattane eit par nordfararjekter. Jektene bergar seg unna med å segle kloss under land. Den ein jekta kjem seg klar medan den andre får ei kule i dekkslasten. 17. juni tvingar Belvidera ein fiskar frå Sunnmøre om bord til seg. Han får spørsmål om der var passert Arkhangelskfararar og om der låg skuter ved Valderhaug, noko han hevda å ikkje kjenne til.

Dagen etter vert begge fregattane observerte ut for Giske. Der skal dei ha fått to losar ombord, «foregivende at være amerikanere, ladte med salt, bestemte til Trondhjem».

Dette er så alvorleg at divisjonssjefen i Ålesund natta etter ligg med «klart skip». Neste morgon ror han med heile styrken ut til Giske for å hindre plyndring og landgang. Fregattane, som heile dagen held seg kryssande med små segl til og frå land, står ut på kvelden til sjøs. Så høyrer ein ikkje noko meir til fienden før trefninga ved Silda.



* Kanonbåtane var ein svært effektiv del av forsvaret av Norske-kysten under krigen 1807-14. Til venstre ein kanonsjalupp med kanon både framme og bak. Til høgre ei kanonjolle som berre hadde kanon bak. (Etter teikning av Tønnes Rolfsen (1784-1818))

Det engelskmanden høre fik,
et ryk igjennem hannem gik.
Han skyndte sig ud af det land,
måske der kommer væbnet mand.

Så kom den ulykkelege «Affæren ved Silden» som det vart heitande i ettertida, slik Landboebladet fortel om. Dagen etter, etter nye rekognoseringar, står Belvidera og Nemesis for ein SV bris inn Sildagapet.

Dei stagvender, dreiar bi og set ut skipsbåtane - well manned and armed - og ror til åtak på dei to kanonskonnertane Thor og Balder og kanonjolla «No. 5». Sjefen for flotiljen, sekondløytnant Dahlerup, bestemmer seg for å søke ly i den tronge Sørpollen, «*hvor vi efter omstendighederne enten vilde vente fienden, fastforøiet til landet i en linie, der bestrøg løbet, eller udholde fægtningen roende indefter til det inderste af pollen*».

Etter ei kort tid er den ulike striden over, skonnertane stryk flagg og overgjev seg. Jollen renner mannskapet opp i fjøresteinane. Der hogg dei hol i botnen for at fienden ikkje skulle kunne gjere seg nytte av den. 3 av mannskapet på «Thor» stryk med og ein fjerde dør seinare om bord i Belvidera. Dei overlevande vert sett om bord i fregattane, der Dahlerup mest ergrar seg over at han ikkje hadde nokon sabel å overrekke, som teikn for at han gav opp kampen.

Buschmann's divisjon er i full alarm. Med forsterkingar dreg han sjølv til Stadtlandet men «Fuglen er fløyet».

Gjennom ein rapport frå sjefen for Kystværnet i Volda, Sivert Arflot, kjem no manglane ved alarmsystemet for dagen. Volda og Ørsta vart alarmerte frå eit signal på Kleppeberget i Leikongbygda. Men frå kva kant nærma fienden seg? Skulle mannskapa ta vegen sør gjennom Rovdefjorden, eller nord gjennom Vartdalsfjorden? Eller kanskje leia ut til Herøy og Ulstein? spør Sivert retorisk.

Under dansk flagg vert skonnertane brukte til å ta ei råsegkjakt under Silda. Dahlerup fortel at engelskmennene røva «*en mængde sager, de kune have brug for, ud af prisen, især alt det tougværk, der kunne undværes, seil, årer, træspir og brædder, hvorpå der var almindelig mangel i England på den tid.*»

Så vart jakta med mannskap og passasjerar sett fri. Etter fleire mislukka raid med skonnertane vert dei omsider tekne på slep og kursen sett mot Shetland

«Affæren ved Silden»

Belvidera og Nemesis ankrar i Thorshavn ei veker tid, før dei set kursen mot Jan Mayen. Her må dei snu for svær isbaks og kursar på nytt mot Stadt. Fregattane blir observerte og melding vert sendt gjennom telegrafane. «*Men da tågen nesten daglig ligger her på stationen, er det både mig og Kysværnet umulig at vide hvad disse fiendtlige skibe foretager sig*» skriv telegrafisten på Kjeringa til rodeføraren for Kysværnet i Ervika. Han er redd for at «*de fiendtlige skibe let kunne sætte sine barcasser i land og gjøre større uløkke end man kunde formode*».

Tvers av Runde sender dei ein væpna båt etter to farty som står sør etter langs land, men utan å nå tak i dei. Og telegrafisten på Kjeringa får rett. Same dags kveld, 22. juli, sender dei båtar i land i Ervika på rekognosering. Folk rømer til fjells eller frametter Morkadalen. Rodeføraren og ein mann til gjev seg til kjenne for sjefen til engelskmennene. Gjennom ein tolk vil han vite kva dei høge mastetrea - d.v.s. Telegrafan - på Kjeringa er for noko. Som det står i ei vise frå Selje:

Oppå et fjeld der stod en stang,
den var ei kort men ganske lang.
Han spurgte: «Hvad skal det bety,
som står der opp høit i sky?»

De sagde, «Det betyder så,
langt syd, langt nord, man ved alt nå,
hvad her passerer denne stund,
det tales om i folkemund.»



*Teksta under biletet lyder: «Konge Skonerne Balder og Tor fra Bergen erobres af tvende engelske Fregatter Belvedere og Nemish Tagen ved Silden i Bergens Distrikt Den 23 juli 1810» Etter teikning i privat eige. Foto ved Bergen sjøfartsmuseum.